



KVITSEID KOMMUNE
HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT
2021
ØKONOMIPLAN
2022 - 2024



Rådmannen sitt framlegg

Innhold

1	INNLEIING	4
2	HANDLINGSPROGRAM 2021	5
2.1	FOKUSOMRÅDE SAMFUNNSUTVIKLING	5
2.1.1	<i>Folketalsutvikling</i>	5
2.1.2	<i>Overordna planlegging</i>	7
2.1.3	<i>Samfunnstryggleik og beredskap</i>	7
2.2	FOKUSOMRÅDE ØKONOMI	8
2.3	FOKUSOMRÅDE MEDARBEIDAR 2021	8
2.3.1	<i>Medarbeidarar</i>	8
2.3.2	<i>Leiarutvikling og innovasjon</i>	8
2.3.3	<i>Innovasjon</i>	9
2.3.4	<i>Omstilling</i>	9
2.3.5	<i>Lærlingar</i>	9
2.3.6	<i>Likestilling og mangfald</i>	9
2.3.7	<i>Heiltidskultur</i>	9
2.3.8	<i>HMS - Internkontroll</i>	10
2.3.9	<i>Nærvær på arbeidsplassen</i>	10
2.3.10	<i>Program og målkategori for 2020 pr. eining:</i>	11
2.4	INTERKOMMUNALT SAMARBEID	12
2.4.1	<i>Tenestesamarbeidet</i>	12
3	BUDSJETT 2021 – ØKONOMIPLAN 2022 – 2024	13
3.1	TEKNISKE FØRESETNADER	13
3.2	DET GENERELLE INNTEKTSGRUNNLAGET	13
3.3	KONSEKVENJUSTERT BUDSJETT	13
3.4	INVESTERINGSBUDSJETTET	14
3.4.1	<i>Investeringar i 2021 - 2024 jfr. økonomiplanen</i>	14
3.5	DRIFTSBUDSJETTET	15
4	POLITIKK	16
4.1	POLITISK VERKSEMD	16
4.2	RÅDMANN OG FELLESTENESTER	16
5	SKULE OG BARNEHAGE	17
5.1	STATUS OG UTFORDRINGAR I BARNEHAGE	17
5.2	STATUS OG UTFORDRINGAR I SKULEN	19
5.2.1	<i>Grunnskulen</i>	19
5.2.2	<i>Felles satsingsområde for skule og barnehage</i>	20
5.2.3	<i>Kulturskulen</i>	21
5.2.4	<i>Vaksenopplæring</i>	21
5.3	FELLES HANDLINGSPLAN 2021 – 2022:	21
5.4	BUDSJETT-TILTAK	22
5.5	BIBLIOTEKET	23
6	HELSE OG OMSORG	24
6.1	HANDLINGSPLAN FOR EINGANE	25
6.1.1	<i>Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O:</i>	25
6.1.2	<i>Hovudmål og tiltak for helsetenestene:</i>	26
6.1.3	<i>Hovudmål og tiltak KOS:</i>	27
6.1.4	<i>Hovudmål og tiltak heimetenestene:</i>	27
6.1.5	<i>Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:</i>	28
6.1.6	<i>Hovudmål og tiltak kjøken:</i>	28
6.2	BUDSJETT-TILTAK	29
7	SAMFUNNSUTVIKLING OG TEKNISK DRIFT	31
7.1	SAMFUNNSUTVIKLING	32
7.2	KULTUR OG FRIVILLIGSENTRAL	32
7.3	TEKNISK DRIFT	33
7.4	INTERKOMMUNALT LANDBRUKSKONTOR	35

8	INTERKOMMUNALE EININGAR OG NAV	37
8.1	NAV	37
8.2	INTERKOMMUNALT PLANKONTOR	38
8.3	BARNEVERN	39
9	KYRKJA	41
10	KOMMUNALE AVGIFTER OG BRUKARBETALING	42
10.1	GEBYR PÅ VAR-OMRÅDET	42
10.1.1	Vann - 2019 til 2025	43
10.1.2	Avløp - 2019 til 2025	44
10.1.3	Renovasjon - 2019 til 2025	45
10.1.4	Slamtømming - 2019 til 2025	46
10.1.5	Feiing - 2019 til 2025	47
10.1.6	Anleggsoversikt - Kviteseid kommune	48
10.2	ANDRE AVGIFTER OG BRUKARBETALINGAR	53
11	FOND OG GJELD.....	54
11.1	FOND.....	54
11.2	LÅNEGJELD OG AVDRAG (EKS. PENSJONSFORPLIKTINGAR OG FORM.LÅN).....	54
12	STILLINGAR	55

1 Innleiing

Rådmannen si innleiing

Budsjettarbeidet har dei siste åra i hovudsak dreia seg om å stogge kostnadsveksten og justere driftsnivå inn på ein berekraftig kurs. Likevel har vi auka noko på stillingar som er knytt opp mot enkeltbrukarar med store hjelpebehov. Saman med andre meir eller mindre føreseielege utfordringar, gjev dette oss eit svært stramt budsjett. Utbytte frå VTK AS vert redusert i høve til budsjett for 2020, og det same gjeld skjønnsmidlane frå staten.

Slik rådmannen ser det er det naudsynt å både auke dei kommunale inntektene, men også redusere utgiftsbehovet. Skal kommunen redusere driftsnivået, må dette gjerast gjennom tiltak som vil gje konsekvensar for innbyggjarane i Kviteseid. Kviteseid kommune har ikkje høve til å drive med desentraliserte tenester, der dette medfører ein meirkostnad.

Det er satt av midlar til å halde fram med tilrettelegging av nye bustadtomter i kommunane. Det er gledeleg at etterspurnaden etter tomtene på Midtsundåsen er så stor at vi slit med planlegge og bygge fort nok.

Investeringsnivået er høgt og det medfører høgare lånegjeld, og dermed og meir utgifter til renter og avdrag.

I budsjettet er det fleire tiltak som peikar i same retning. Vi flytter tenestene nærare der det bur flest innbyggjarar, noko som på sikt vil gje betre tenester, men og lågare driftsutgifter for kommunen.

Det er sett av midlar til ny barnehage i Kviteseid. Arbeidet vil gje borna i Kviteseid eit nytt bygg, med moderne løysingar, tilpassa dagens krav. I løpet av økonomiplanperioden, vil dette føre til at vi står at med ein skule og to barnehagar.

Vi forventar at ein ny og større barnehage kan gje eit meir allsidig tilbod, både i innhald og opningstider.

I tillegg til at det vert satsa på å løfte IKT som læringsplattform, dermed kan vi ta vare på tradisjonane knytt til å nytte naturen, men og vere tidleg ute med bruk og læring av digitale løysingar.

Det er sett av midlar til oppgradering av kommunale vegar. Dette har samanheng med at vedlikehaldsetterslepet er stort, men og nye krav til vegen i samband med større og tyngre lastebilar, samt kapasitet på grøfter og stikkrenner i samband med meir ekstremvær. I 2021 må mykje av budsjettet nyttast til oppgradering på bruer, slik at vi slepp å innføre restriksjonar på storleiken på køyretøy som kan nytte vegane.

Innan for tenester for funksjonshemma er det sett av midlar til bemanning av nye omsorgsbustader, i samband med fleire nye brukarar.

Vi veit det ligg store utfordringar framfor kommunen i året som kjem. Utfordringane knytt til effektivisering er store, og det må jobbast systematisk for å automatisere og digitalisere dei arbeidsoppgåvene der dette er mogleg.

Innføring av generell eigedomsskatt er nok det enkelttiltaket som vil gje størs ringverknader. Rådmannen ser det naudsynt å utnytte inntekspotensialet som ligg i eigedomsskatten, slik at ein kan fortsette å gje gode tenester til innbyggjarane i Kviteseid.

Det er ein stor jobb knytt til taksering av eigedommar, og det vil difor ikkje vere mogleg å innføre skattlegging før i 2022.

Kviteseid 03.11.2019

Øystein Tveit

rådmann

2 Handlingsprogram 2021

Plan- og bygningslova gjev kommunen ei hovudrolle i arbeidet med å utvikle det einiskilde lokalsamfunn. Lova slår fast at kommunestyret kvar periode skal vedta ein kommunal planstrategi som skal dra opp viktige strategival for den kommunale planlegginga. Med grunnlag i denne strategien skal kommunen utarbeide ein kommuneplan som femnar både ein plan for arealbruken og ein samfunnsdel med eit handlingsprogram.

Vidare seier lova følgjande: *"Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig. Økonomiplanen etter kommuneloven § 44 kan inngå i handlingsdelen."*

Med ny kommuneplan som legg opp til satsing på folketalsvekst, og spesielt i gruppa unge vaksne, er det naturleg at det budsjettet og økonomiplan også inneheld satsingar som rettar seg mot denne gruppa. I handlingsprogrammet kjem det fram at dette er prioritert, både i teksten, men og i budsjett delen. Programmet er bygd opp av eit overordna handlingsprogram som gjeld heile den kommunale verksemda og handlingsplanar for dei ulike tenestene.

2.1 Fokusområde samfunnsutvikling

Gjennom plan- og bygningslova har kommunen fått eit særleg ansvar for å *"sette mål for den fysiske, miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle utviklingen i kommuner og regioner, avklare samfunnsmessige behov og oppgaver, og angi hvordan oppgavene kan løses."*

Slik skal handlingsprogrammet ikkje bare femne mål for den kommunale verksemda, men mål for den samla utviklinga av lokalsamfunnet. Eit fundamentalt grunnlag for eit livskraftig lokalsamfunnet er at tilhøva er slik at folk ynskjer å bu her. Kviteseid kommune har over tid hatt reduksjon i folketalet. Arbeidet for å snu denne utviklinga er viktig men krevjande. Det er derfor lagt inn eit mål om å stabilisere folketalet over tid. I fyrste omgang er det ikkje noko ambisiøst mål, men ut frå alderssamansetninga i kommunen krev dette ganske stor tilflytting. Slik sett synest dette som ei nøktern og realistisk målsetjing.

Overordna mål:

Kviteseid kommune skal ved målretta satsing vera eit livskraftig bygdesamfunn med gode kommunale tenester.

Resultatmål:

Ferdig med uteområdet på Kviteseid skule

Ferdig planlagt kommunale byggeområde

Nye tomter ledig på Midtsund

Nytt industriområde i Brunkeberg

Stabilt folketal over tid

2.1.1 Folketalsutvikling

Ein av kommunen sine viktigaste oppgåver i tillegg til tenesteproduksjon, er å samordne sektorane si planlegging med sikte på å utvikle lokalsamfunnet. Ein grunnleggjande premiss for all langsiktig planlegging av den kommunale verksemda er utviklinga av innbyggjartalet i kommunen.

Aldersgruppe	2014	2018	2019	2020	2024	2030	2040
0-5 år	137	119		113	96	94	87
6-15 år	276	230		227	233	195	172
16-19 år	117	122		115	89	103	72
20-66 år	1501	1463		1445	1386	1324	1207
67-79 år	296	316		344	391	427	485
80 eller eldre	170	147		158	162	199	268
SUM	2497	2397	2403	2403	2357	2342	2291

Tabell 1: Prognose folketalsutvikling

Tabell 1 viser SSB si framskriving av folketalsutviklinga i Kviteseid basert på *låg nasjonal vekst*. Det er verdt å merke seg at den reelle folketalsutviklinga dei siste åra har vore svakare enn føresetnadane som denne prognosemodellen byggjer på. 2018 tal fram til 2040 er henta frå en ny SSB prognose laga juni 2018. Legg merke til den markante oppgangen i 2030 for gruppa 67-80+ (særleg 80+) og tilsvarande nedgang for gruppa 20-66 år.

År	Total 1.1	Fødde	Døde	Netto	Innflytting	Utflytting	Netto Flytting	Folke-tilvekst	Total Pr 31.12.
2011	2501	23	36	-13	126	115	11	-3	2 498
2012	2498	21	27	-6	133	116	17	9	2 507
2013	2507	20	35	-15	133	157	-24	-39	2 468
2014	2468	18	28	-10	105	97	8	-2	2 466
2015	2466	15	38	-23	120	115	5	-18	2 448
2016	2448	11	15	-4	59	61	-2	-6	2 442
2017	2442	17	40	-23	103	123	-20	-45	2397
2018	2397	10	12	-2	31	28	3	1	2398
2019	2403	10	25	-15	94	79	15	0	2403
2020-3	2403	14	12	2	95	76	15	17	2422 (pr. 31.09.2020)

Tabell 2: Endringar i folketal 2011 - 2020 (2020 =3.kvartal)

Tabell 2 viser reell utvikling siste åra. Med den samansetninga av folketalet som me har med relativt mange eldre og få i den alder som får barn, vil stabilisering av folketalet vera krevjande. Me ser i tabell 2 at me stadig har hatt netto fødselsunderskot, og at det er netto innflytting som eventuelt er det som kan føre til stabilisering eller vekst i folketalet. Når ein samstundes ser aldersgruppe utvikling i tabell 1 er det tydelig at trenden mest sannsynlig forsterkast.

Dei statlege overføringane til kommunen er styrt av kostnadsnøkkelen og folketalsutviklinga. Derfor er det slik at med den store folketalsveksten som Norge har, så må Kviteseid vekse i same takt som landet elles for at me relativt sett skal få vekst i overføringane. Under dei gjevne føresetnadane for folketalsutvikling og struktur, så er det pårekeleg at overføringane relativt sett vil bli mindre i åra framover.

2.1.2 Overordna planlegging

Korleis Kviteseid skal møte desse store utfordringane knytt til folketalsutvikling, er eit viktig strategisk spørsmål for heile den kommunale verksemda. Godt planverk er eit viktig verktøy for å ta eit samla grep om dei utfordringar kommunen står overfor. På denne bakgrunn og på bakgrunn av alle dei ulike planane som kommunen skal utarbeide, er kommunen pålagt å lage ein kommunal planstrategi. Planstrategien er eit overordna strategisk dokument som skal ta utgangspunkt i dei utfordringar kommunen står overfor og peike ut kva for eksisterande planar som skal utarbeidast.

Nedanfor er dei viktigaste hovudgrepa innan planlegging skissert.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Utarbeide planar i tråd med vedteken planstrategi</i>	<i>Vedtekne planar i tråd med strategien.</i>
<i>Felles satsing klima og miljøplan Vest-Telemark</i>	<i>Planarbeid ferdig 2021</i>

2.1.3 Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen leverar sentrale tenester på svært mange område til innbyggjarane. Heile lokalsamfunnet vårt er avhengig av at den kommunale verksemda går sin gang uavhengig av uhell som skuldast teknisk svikt, menneskeskapte hendingar eller naturkatastrofar. Det er derfor viktig at kommunen har eit planverk som tek høgde for at slike hendingar kan oppstå.

Mål: Utvikle ein robust kommuneorganisasjon som er godt i stand til å møte uføresette hendingar av ulike slag.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Opplæring i Cim</i>	<i>Alle kommunalt tilsette på kommunehuset må kjenne og kunne bruke CIM</i>
<i>Berdsøving –</i>	<i>Kun skrivebordsøvinger i 2021</i>

2.2 Fokusområde Økonomi

Etter ein krevjande budsjettprosess har det ikkje lykkast å komme med eit budsjettforslag som når dei økonomiske måla som vi har satt oss sjølv, unnateke sjølvkostgraden på 100 % over tid.

Tidlegare mål om netto driftsresultat > 1,75 % vert ikkje nådd i denne økonomiplanperioden. For å kunne ha eit realistisk mål på driftsresultat har rådmannen kome med framlegg om netto driftsresultat på >0%. Det er i tillegg utarbeidd nye måltal iht storleiken på disposisjonsfond og renter og avdrag. Alle måltal er i prosent av driftsinntekter.

Måltal i % av driftsinntekter	Anbefalt nivå	Måltal for Kviteseid kommune	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	1,75%*	>0%	-0,66 %	0,30 %	1,06 %	1,49 %
Disposisjonsfond	5% - 10%	5,0 %	1,62 %	0,97 %	1,02 %	1,52 %
Renter og avdrag	2% - 3%	3,0 %	3,71 %	3,95 %	4,33 %	4,92 %

Faktisk lånegjeld aukar som følge av store investeringar jf investeringsplan

Når det gjeld dei kommunale avgiftene har me full dekningsgrad slik det er lagt opp til.

Gjeldsnivået er tidligare ikkje vurdert like viktig som dei 3 andre økonomiske måla. Med dei investeringane som ligg inne i budsjettet vil lånegjelda auke langt ut over det som er økonomisk mål.

2.3 Fokusområde medarbeidar 2021

2.3.1 Medarbeidarar

Medarbeidarkapittelet skildrar kommunen som arbeidsgjevar. Kommunen sin arbeidsgjevarstrategi handlar om våre verdiar: «Respekt, profesjonalitet og evne til nyskaping».

Arbeidsgjevarstrategi er dei verdiar, haldningar og verkemiddel som kommunen brukar i samhandling med dei tilsette for å nå dei måla som er sett for den kommunale verksemda.

Mål for arbeidsgjevarpolitikken

- Leggje til rette for ein omstillingsdyktig og serviceinnstilt kommuneorganisasjon til brukarane våre
- Styrkje og utløyse det menneskelege potensiale i organisasjonen
- Gjera kommunen til ein attraktiv arbeidsgjevar
- Gjeva grunnlag for trivsel og utvikling for den einskilde medarbeidar

2.3.2 Leiarutvikling og innovasjon

Dyktige leiarar som utøver god leiing er viktig for å nå målet om tenester av høg kvalitet.

Kommunen har kontinuerleg mål om å utvikle og styrke ei heilskapleg leiing på alle tenesteområde. Leiinga har fokus på samfunnsoppdraget, medarbeidarskap og omstilling. Dette skal stimulere til ein utviklingsorientert kultur med innovasjon og meistring som drivkraft.

På leiarsamlingar fokuserast det på leiing, erfaringsdeling og refleksjon. Vi ønskjer å utvikle leiarar som meistrer rolla si og har fokus på dei daglege leiaroppgåvene. Målet er at leiarane har eit endrings- og utviklingsfokus, og engasjerer og motiverer medarbeidarar sine til å finne dei gode løysingane. Parallelt med dette vert våre leiarar utfordra til å løfte blikket, tenke heilskap og sjå moglegheiter i og utanfor organisasjonen.

Kommunen vil også i 2021 ha stor fokus på leiarutvikling for å sikre organisasjonen leiarar som på alle nivå meistrar jobben og samstundes forankrar leiingsperspektiv og leiingsprinsipp ut i organisasjonen.

2.3.3 Innovasjon

Innovasjon er å fornye og forbetre. Det kan vera produkt, tenester, nye metodar og organiseringsprosessar.

Compilo avvik-/kvalitetssystem

Grunna m.a. tekniske problem internt hjå Compilo og tekniske problem som skuldast VTDS. Difor er ikkje Compilo innført fullt ut i 2020.

Korrigert framdriftsplan for full innføring er 31. januar 2021.

Digitalisering og samarbeid

Personalforum i Vest-Telemark har sett digitalisering på personalområdet på agendaen. Tanken er å finne område for å samarbeide på tvers av kommunegrensene, for å gjere ting enklare, meir effektivt der det er raske, einskaplege svar. Det trengst meir tid til å jobbe på med andre saker personalfeltet.

Forumet skal m.a. sjå på kva som er utvikling på personalområdet frametter, kva kan bli meir digitalisert m.m.

2.3.4 Omstilling

Kommunen ønskjer å ha sterkare fokus på organisasjonsstruktur og organisasjonskultur for å kunne møte framtidige utfordringar. Evne og kraft til omstilling både på individ- og systemnivå må styrkast for å oppnå ønskt effekt. Serviceinnstilling og innbyggjarorientering skal prege organisasjonen i alle ledd.

2.3.5 Lærlingar

Kommunen har politisk vedtak om tre lærlingar kvart år og har som ambisjon å tilby ei målretta lærlingordning som medverkar til at lærlingar får fullført utdanning og tek fagbrev.

Kommunen har tre lærlingar, to lærlingane er innan barn og ungdomsarbeid (BUA) og ein innan helsefag. Ein av BUA-lærlingane er ferdig med lærlingperioden 15. august 2021, dei andre to avsluttar lærlingperioden 31.12.21. Kviteseid kommune vil difor ta i mot minimum 2 nye lærlingar hausten 2021.

2.3.6 Likestilling og mangfald

Kviteseid kommune skal føre ein arbeidsgjevarpolitikk som fremjar moglegheit for arbeid, lønn og utvikling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisitet og religion.

I vår kommune set likestillingslova, diskrimineringslova og kommuneplanen overordna rammer for likestillingsarbeidet.

2.3.7 Heiltidskultur

Den viktigaste innsatsen for å oppnå heiltidskultur handlar om å skape ein berekraftig sektor og sikre innbyggjarane kvalitet og betre arbeidsmiljø og tilstrekkeleg kompetanse i tenestene. Dette er ein vesentleg faktor for å løyse samfunnsoppgåvene. I tillegg vil det vera avgjerande for å vera attraktiv som arbeidsgjevar.

Å organisere kommunal sektor med tilsette i heile stillingar vil krevje ei grunnleggjande organisasjonsendring når det gjeld arbeidstidsordningar og haldningar.

Utviklings- og analyseverktøy er viktig for gode innovasjonsprosessar (risikoanalyse).

Døme på gevinst med å jobbe for heiltidskultur:

Effektmål:

- betre tenestekvalitet
- meir effektive tenester

- betre arbeidsmiljø
- betre rekruttering
- auka kompetanse
- auka nærvær

Resultatmål:

- auka heiltidsandel
- auka gj.sn stillingsstorleik
- redusert ufrivillig deltid
- fleire heiltidsutlysingar
- mindre vikarbruk
- færre vakansar i turnus

2.3.8 HMS - Internkontroll

Kviteseid kommune sitt mål på nærvær er 95 % ved utgangen av 2021.

Det skal fortsatt jobbast med nærværarbeid og vera fokus på samarbeid mellom tilsette, leiarar og NAV. Kommunelegane vil òg bli meir involvert i arbeidet med nærvær-

Det skal samstundes vera openheit om konsekvensar ved høgt frávær for dei andre tilsette og for tenesta som kommunen skal gje innbyggjarane

Det er viktig for å realisere kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk og dei verdiar det blir lagt vekt på.

Eit av måla er å auke kompetanse og fokus i organisasjonen på helsefremjande leiing og utvikling av helsefremjande arbeidsplassar. Helsefremjande leiing handlar om menneske, om å motivere, inspirere og å leggja til rette for å nå resultat saman. Leiing tyder å handtere menneske og om korleis vi ser på arbeidsoppgåvene våre og kvarandre. Leiaropplæringa i kommunen må ha som mål å sette leiarar på alle nivå i stand til å meistre oppgåvene sine. Opplæringa skal og ha fokus på å fremja helse og førebyggje helseproblem relatert til arbeidet eller arbeidsmiljøet.

Det vil bli sett ekstra fokus på einingar/avdelingar i heile kommunen som har utfordringar med høgt sjukefrávær eller der ein i periodar har auka frávær. Desse vil bli følgd opp.

Leiarar må ta «Den nødvendige samtala» for å vidareutvikle ein kultur der arbeidsmiljøet og auka kvalitet på tenestene er i fokus.

2.3.9 Nærvær på arbeidsplassen

Kviteseid kommune sitt mål på nærvær er 95 % ved utgangen av 2021.

Det skal fortsatt jobbast med nærværarbeid og vera fokus på samarbeid mellom tilsette, leiarar og NAV. Kommunelegane vil òg bli meir involvert i arbeidet med nærvær-

Det skal samstundes vera openheit om konsekvensar ved høgt frávær for dei andre tilsette og for tenesta som kommunen skal gje innbyggjarane

Det er viktig for å realisere kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk og dei verdiar det blir lagt vekt på.

Eit av måla er å auke kompetanse og fokus i organisasjonen på helsefremjande leiing og utvikling av helsefremjande arbeidsplassar. Helsefremjande leiing handlar om menneske, om å motivere, inspirere og å leggja til rette for å nå resultat saman. Leiing tyder å handtere menneske og om korleis vi ser på arbeidsoppgåvene våre og kvarandre. Leiaropplæringa i kommunen må ha som mål å sette leiarar på alle nivå i stand til å meistre oppgåvene sine. Opplæringa skal og ha fokus på å fremja helse og førebyggje helseproblem relatert til arbeidet eller arbeidsmiljøet.

Det vil bli sett ekstra fokus på einingar/avdelingar i heile kommunen som har utfordringar med høgt sjukefråvær eller der ein i periodar har auka fråvær. Desse vil bli følgd opp.

Leiarar må ta «Den nødvendige samtala» for å vidareutvikle ein kultur der arbeidsmiljøet og auka kvalitet på tenestene er i fokus.

2.3.10 Program og målordikator for 2020 pr. eining:

Mål	Tiltak	Ansvar
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre årlege medarbeidersamtaler med dei fast tilsette i kvar eining	Leiar med personalansvar på kvart nivå (einingsleiar, kommunalsjef/ økonomisjef, personalsjef, rådmann)
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med prosedyre i HMS-systemet. Redusere det totale sjukefråværet i høve til 2019	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå). Ved behov saman med personalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette	Einingsleiar (leiar med personalansvar på kvart nivå)
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføre min. 2 personalmøte pr. år	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Oppfølging av handlingsplan IA	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Verneombod og leiarar utan grunnkurs i HMS, skal gjennomføre dette	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Vernerundar og oppfølging av ev. avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå og lokalt verneombod
Systematisk HMS-arbeid	Lukke alle HMS-avvik	Leiar med personalansvar på kvart nivå
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføring av målretta lovpålagte helseundersøkingar i samarbeid med Bedriftshelsen AS	Personalsjef/einingsleiar
Systematisk HMS-arbeid	Gjennomføring av helsetest av teknisk personell ved behov i samarbeid med Bedriftshelsen AS	Kommunalsjef
Systematisk HMS-arbeid	Naudsynt opplæring for å førebyggje sjukefråvær og auke nærværet jf. HMS-plan for 2021 i samarbeid med Bedriftshelsen AS. Søkje ekspertbistand frå NAV ved behov	Personalsjef/einingsleiar
Systematisk HMS-arbeid	Full innføring av Compilo kvalitetssystem	Personal, leiarar, leiargruppa

2.4 Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid er avgjerande for at Kviteseid kommune skal make å tilby alle dei tenestene som staten krev at ein kommune skal levere. Innafor samfunnsutvikling er samarbeidet svært viktig for at Vest-Telemark skal få lyfte fram sine utfordringar for regionale og statlege styresmakter. Revisjonar og erfaring frå budsjettprosessar viser at det er eit potensiale for å utvikle rutinar for å styre våre interkommunale selskap på ein betre måte.

Mål: Medverke aktivt til å utvikle Kviteseid som eit livskraftig bygdesamfunn gjennom samhandling med dei andre kommunane. Etablere like system og rutinar i alle kommunane i regionen.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Delta aktivt i Vest-Telemarkrådet med tilhøyrande samarbeidsprosjekt innafor dei rammer som økonomiplan og handlingsprogram dreg opp for perioden</i>	<i>Gjennomførte prosjekt der Kviteseid deltek.</i>
<i>Utvide samarbeid på barnevern</i>	<i>Felles ressursteam i Vest-Telemark, Midt-Telemark, Notodden, Hjardal og Tinn</i>
<i>Gjennomføre nye innkjøp av IKT-system i fellesskap i regionen.</i>	<i>Alle kommunane etablerer like system</i>

2.4.1 Tenestesamarbeidet

Tenestesamarbeidet er den del av samarbeidet som går direkte på utføring av lovpålagte tenester som barnevern, brannvern, renovasjon, pedagogisk psykologisk teneste, plankontor, landbrukskontor m.m. Få kommunar har så omfattande samarbeid som oss. Me har fått utvikla eit kvalitativt godt tilbod til innbyggjarane gjennom dette samarbeidet. På ei anna side er det krevjande å gje kommunestyret like god styringsinformasjon på desse områda som på dei fullkommunale tenestene. Arbeidet med å utvikle denne styringsdialogen blir derfor viktig.

Mål:

- **Vidareutvikle dei etablerte samarbeidsinstitusjonane med sikte på å gje eit godt lokalt tenestetilbod**

Tiltak	Resultatindikator
<i>Synleggjere kommunen si eigarrolle i andre selskap</i>	<i>Eigarskapsmelding til kommunestyret</i>
<i>Oppdatere selskapsavtalene for våre sentrale interkommunale selskap med sikte på å etablere god styringsdialog mellom primærkommune og selskap</i>	<i>Nye avtaler godkjent av kommunestyret.</i>

3 Budsjett 2021 – økonomiplan 2022 – 2024

3.1 Tekniske føresetnader

Budsjettet 2021 byggjer på budsjett frå 2020, oppdaterte føresetnader, naudsynte konsekvensar, samt statsbudsjettet for 2021.

Alle opplysningar er oppdaterte pr. 31. oktober, så langt råd er.

I boksen nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort.

- Kostnadsauken frå 2020 til 2021, ofte kalla deflatoren, er berekna til 2,7 %. Han er sett saman av eit anslag på lønsvekst og prisvekst.
- Pensjonskostnaden for medlemmer i KLP er på 17,37 % for lærarar i SPK på 8,69%
- Korreksjonar i rammetilskotet
- Auka avdragsutgifter grunna høgt investerings nivå
- Lønsvekt (ca 2,2%)
- Eit stabilt lågt rentenivå

3.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Regjeringa foreslår at det kommunale skatteøre for personlege skattytarar for 2021 vert sett kraftig opp til 12,15 prosent, som er ei auke på 1,05 prosentpoeng. Auka skyldast eit makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektsandelen skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene. Skatteinngangen i 2021 nasjonalt er oppjustert til 180,7 mrd. kroner. For 2021 er det budsjettetert med ein skatteinngang for Kviteseid på 69 mill kr.

Rammetilskotet går fram av forslag til statsbudsjettet for 2021. Vi nyttar KS sin berekningsmodell for berekning av samla rammetilskot (inkl. skatt) den er tilpassa dei lokale forholda (t.d. synkande innbyggjartall og endringar i kostnadsnøkkelen p.g.a. demografien som er annleis (dårligare) hos oss enn for gjennomsnitt av kommunane. Kviteseid sin vekst i frie inntekter er berekna til 3 % frå 2020 til 2021 som er likt med gjennomsnittet av det kommunale Noreg. Veksten i frie inntekter er høgare enn berekna kostnadsvekst (2,7%) Kviteseid får 0,8 mill. i skjønnsstilskot i 2021. Dette tilskotet ligg i samla sum rammetilskot inkl. skatt som for 2021 er berekna til kr 167,497 mill. (2020: kr 163,836mill).

Det er framleis uvisse rundt skattlegging av linjenett og kraftverk. Frå 2019 falt eigedomsskatt for verk bort. Ein overgangsordning som skal gjelde i 7 år skal kompensere for bortfall av inntekter frå verk og bruk utanom linjenett og kraftverk. Linjenett og kraftverk blei frå 2019 ei eige beskatningsgruppe etter eigedomsskatteloven.

3.3 Konsekvensjustert budsjett

Budsjettet er utarbeidd på den måten at det fyrst er gjort ein gjennomgang av budsjettet for alle einingane med sikte på å oppdatere tala til det kostnadsnivået som gjeld for 2021. Dette kallar me konsekvensjustert budsjett og det viser kva det kostar å vidareføre gjeldande driftsnivå. Det er lagt inn reelle tal for ordinære driftskostnader og

Løn til dei stillingane som einingane disponerer. Det er dermed tal for faktisk lønsvekst som blir lagt inn og ikkje teoretisk berekna tal.

Dei tiltaka som rådmannen prioriterer er lagt inn og kjem fram einingsvis etter tiltaka frå gjeldande økonomiplan. Blant desse tiltaka er det og lagt inn aktive innsparingstiltak og korrigeringar i høve til nokon få men viktige nye tiltak.

Heilt til slutt i budsjettokumentet kjem det fram tiltak som er lyfta fram, men som ikkje er teke inn i rådmannen sitt budsjettframlegg.

3.4 Investeringsbudsjettet

Investeringsnivået er fortsatt høgt gjennom planperioden, der det samla 2021-2024 er investeringsplan på kr 110,5 mill. kr.

Investeringsbudsjettet for 2021 er finansiert med både låneopptak, sal av tomter, overføring frå drift, bruk av fond og momskompensasjon på investeringar.

3.4.1 Investeringar i 2021 - 2024 jfr. økonomiplanen

Ny barnehage i Kviteseid – kr 0,250 mill. til planlegging i 2021. kr 15 mill i 2022 og kr 27 mill i 2023.

Opprusting av kommunale vegar – kr 2,5 mill. til dette prosjektet i 2021 og framover i planperioden kvart år.

Utviding av brannstasjon etter krav frå dsb – kr 3,1 mill i 2021.

Utviding av brygga i Kviteseid, finansiert av næringsfond – kr 0,3mill til uteliggjarar i 2021 og kr 0,6 mill. til ny brygge i 2022

IKT infrastruktur – kr 0,5 mill. i 2021 og kr 0,5 mill. kvart år framover i planperioden

Ventilasjon KOS – kr 2 mill. i 2021

Ombygging personalrom Lundenjordet – kr 1,5 mill. i 2021.

Tilrettelegging nye bustadområde – kr 2 mill. i 2021, kr 6 mill. i 2022 og kr 2. mill. i 2023

Saneringsplan Vrådal – kr 2,5 mill. i 2021 og kvart år fram i planperioden.

Saneringsplan Kviteseid – kr 2,5 mill. i 2021 og kvart år fram i planperioden.

Morgedal RA - kr 5 mill. i 2022

Høgvoll VA – kr 2 mill. i 2020

Nye/Rehab. Pumoestasjonar (avløp) – kr 0,250 mill. i 2021 og kvart år i planperioden.

Investeringar etter plan Kviteseid sokn – kr 1 mill. i 2021 og kvart år i planperioden

Framover i planperioden:

I tillegg til dei nemnde prosjekta her er det tiltak lagt inn lenger ut i planperioden, blant anna ny tankvogn til brannvesenet kr 0,5 mill. i 2021, Endring av barnehagebygg Kviteseid til skule og SFO lokale kr 3.mill i 2024 og Pumpestasjon Flatin. kr 1,3 mill. i 2023.

Eigenkapital innskot i KLP – berekna til kr 0,715 mill. i 2021 og framover

Låneramma startlån – kr 0,75 mill. i 2021 og framover

Låneramma til investeringar – Er berekna i 2021 til kr 13,322 mill. i 2022 til kr 29,450 mill. i 2023 til kr 31,650 mill. og 2024 til kr 9,05 mill. I heile planperioden 2021-2024 er låneramma berekna til 83,472 mill.

3.5 Driftsbudsjettet

Hovudtal

Etter nye oversiktart vart innført frå 2020, har det vore rapportert på netto drift med avskrivningar og netto bruk og avsetninga fond for seg sjølv i budsjettrevisjonane. Frå 2021 er det sum bevilgning netto drift frå tabell Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4 1.ledd utan avskrivningar som er styringsmålet, då einingane ikkje bør eller skal ha ansvaret for avskrivningar. Netto bruk og avsetning fond vil fortsatt vere med for seg sjølv i budsjettrevisjonane.

Budsjettrevisjon 3. i 2020 hadde ei netto ramme til bruk i drift på (kr 184,8 mill – 10,3 mill avskrivningar) = 174,5 Det budsjettet som nå blir lagt fram for 2021 har ei netto driftsramme på 172,7 mill. etter rådmannens framlegg.

Driftsnivået i 2020 er unormalt høgt grunna korona, samstundes som ein drog med seg eit for høgt driftsnivå frå 2019 som underskotet på 3,7 mill. synte. I rådmannens framlegg er det foreslått reduksjon til 169,3 mill. i 2022, 168,2 mill. i 2023 og 166,6 mill. i 2024. Ein vil ikkje klare å nå eit driftsresultat på 1,75% i planperioden.

Forventa netto driftsresultat for 2021 er på kr -1 752 530,- . I prosent av brutto driftsinntekter blir det -0,66%. I planperioden er det prognostisert driftsresultat frå 2022 til 2024 mellom 0,2% til 1,49%. Kviteseid har tidlegare hatt som mål å ha eit netto driftsresultat på 1,75%, vi ser at for å få eit meir realistisk mål i planperioden vil det vere eit mål å ligge over 0%.

Utfordringar for budsjettarbeidet

Kviteseid har eit for stort driftsnivå i høve til inntektene. Forventa nullvekst eller nedgang i innbyggartall og forverring i demografien fører til at Kviteseid ikkje kan forvente ei betring på inntektsida (rammetilskot).

For å balansere drifta i det framlagte budsjettet foreslår rådmann å bruke disposisjonsfond med til saman kr 3 700 000,- i 2021 og kr 1 700 000,- i 2022 samla kr 5 400 000,- Bruken i 2021 er knytt til kostnad innføring eigedomsskatt og saldering av budsjett, i 2022 er bruken knytt til saldering av budsjett.

Vedlagt stillingsoversikt viser at det vedtekne budsjettet for 2021 fører til ei auke på 0,69 årsverk.

Det er framleis lite rom for større vedlikehaldsoppgåver på bygg, men ein prøver å bruke tilgjengeleg ressursar på best mogleg måte.

Finansiering av investeringane

Investeringane er i hovudsak finansiert etter følgjande prioritering:

- Inntekter som følgjer investeringane (Mva komp, salsinntekter.)
- Låneopptak.
- Overføring frå drift (bare til finansiering av KLP eigenkapitaltilskot)

Brukarbetalingar

Husleiga auka stort sett med konsumprisindeksen. Andre endringar følgjer bare prisstigning og endringar av lovbestemte satsar. Når det gjeld vatn, avløp, feiing og renovasjon gjeld prinsippa om full brukarfinansiering. Gebyrsatsar for sjølvkostområde viser ein oppgang for normalhushald knytt til vatn og avløp, medan slamgebyr går ned. Når det gjeld feiing er det ei kraftig oppgang frå 2021. Sjå også eget avsnitt om kommunale avgifter og brukarbetaling.

Utvikling i økonomiplanperioden

Inntektene aukar ikkje vesentleg. Innbyggartalet har dei siste åra vist ein jamn nedgang, det er ikkje lagt til grunn ytterlegare nedgang i økonomiplanen. Låg straumpris og låg rentekostnad er lagt til grunn i starten av perioden med ei auke mot slutten av perioden. Gjeldsbelastinga for Kviteseid aukar gjennom planperioden, og vil i 2024 vere på kr 231,3 mill.

4 Politikk

4.1 Politisk verksemd

Tilrettelegging for god politisk styring av den kommunale verksemda er eit kontinuerleg fokusområde. Det gjeld også for dei interkommunale selskapa og tenestene.

I 2021 er målet å auke kvaliteten på tv-overføring av kommunestyremøte. For innbyggjarane gir dette høve til å delta meir aktivt i det som skjer i kommunestyresalen.

Det vert viktig for administrasjonen å finne gode saker til Klima, miljø og oppvekstutvalet

Politikarar har også behov for opplæring. Det bør gjennomførast meir opplæring av nye politikararar.

4.2 Rådmann og fellestenester

Status og utfordringar

Kviteseid kommune har ein liten administrasjon. Få tilsette må løyse mange av dei same oppgåvene som i ein stor organisasjon. Det er ei krevjande utfordring.

I tillegg til å yte tenester til kommunen sin eigne einingar leverar me økonomitenester både til PP-tenesta og kyrkja. Gode system og effektiv drift er naudsynt for å klare dette. Betre økonomistyring, oppgradering av IKT-systema og betre struktur på arbeidet som vert gjort i dei interkommunale tenestene vert viktig framover.

Mål: *Utvikle robuste og effektive støttetjenester til beste for innbyggjarar og tilsette slik at kommunen har ein effektiv og veldriven kommuneorganisasjon.*

Handlingsplan:

Tiltak	Resultatindikator
<i>Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane</i>	<i>Opplæring gjennomført</i>
<i>Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse</i>	<i>Etablere eit fungerande IKT-system for skulen. Gjere helsetenestene i stand til å kommunisere elektronisk med andre</i>
<i>Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side</i>	<i>Levande heimeside, med oppdatert informasjon</i>

5 Skule og barnehage

Skule- og barnehagesektoren i Kviteseid kommune leverar og organiserer desse tenestene:

- Barnehage 1-5 år
- Grunnskule for barn 6-16 år
- Kulturskule for barn 6-18 år (samt tilbod til vaksne dersom kapasitet)
- SFO for elevar i 1-4 klasse
- Vaksenopplæring/grunnskule for elevar med rett og/eller plikt

5.1 Status og utfordringar i barnehage

Fakta om barnehagane hausten 2019:

Namn på eining	Tal på barn	Plassar*	Ledige plassar**	Tal på tilsette
Kviteseid barnehage	46	59	0	15
Brunkeberg barnehage	30	46	2	11
Straumsnes barnehage	9	14	4	6

*Talet syner at barn under tre år tel som to plassar.

** Medio oktober. Taler syner ledig kapasitet på full plass (5 dagar).

Barnehagane i Kviteseid og Brunkeberg har godt som fullt. Familiar som til hovudopptaket har Kviteseid barnehage som fyrsteønske, kan bli tildelt plass i Brunkeberg. Alle som søkte til hovudopptaket fekk tilbod om plass. Vi ser at Straumsnes barnehage har god kapasitet, slik at Kviteseid kommune sett under eitt har god barnehagekapasitet.

Rammeplanen har status som forskrift (lov) og er forpliktande for barnehagane. Rammeplanen fortel kva som skal vera innhaldet i barnehagen. Rammeplanen som kom hausten 2017, set tydelegare krav til barnehagane m.a. på områda mangfald, helse, språkarbeid og overgang til skule og SFO. Den presiserer ansvaret for å førebygge, stoppe og følgje opp arbeidet med mobbing i barnehagane, og har auka merksemd på dei minste barna. Barnehagane følgjer opp dette på fleire måtar. Eit døme er ved å ha utarbeida ein plan for overgang barnehage - skule. Denne finn du på heimesidene til Kviteseid kommune.

Kjelde: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

I Vest-Telemark samarbeider vi regionalt om kompetanseheving i barnehagane. Vi arrangerer ein planleggingsdag og to styrarsamlingar felles i Vest-Telemark årleg. Tema framover er i tråd med implementering av rammeplanen og satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø».

I tillegg samarbeider dei seks Vest-Telemark kommunane om rettleiing av nyutdanna. Dette er eit program som går over to år og gjeld nyutdanna barnehagelærarar. Programmet er i tråd med [rettleiaren frå utdanningsdirektoratet](#). Dersom du klikkar deg inn på denne og ser under «Eksempel», finn du at Vest-Telemark er trekt fram som eit godt døme på korleis rettleiing kan organiserast. Dessverre har ikkje Kviteseid kommune sjølv

tilsette barnehagelærarar med rettleiarkompetanse. Det er eit ynskje at vi kan utdanne dette, og at programmet kan få betre rammevilkår og tryggare finansiering enn vi har klart å gje det til nå.

Barnehagane i Kviteseid har i fleire år jobba med «Språkløyper». Dette er kompetansehevingspakker utarbeida av Lese- og skrivesenteret ved Universitetet i Stavanger. Kompetansehevinga gjeld heile personalgruppa og aukar personalet sin kompetanse til å systematisk stimulere og overvake barna si språkutvikling. Frå hausten 2019 legg vi til rette for at IKT også kan brukast inn i dette arbeidet. Dei tilsette i barnehagane har fått utdelt ipad til pedagogisk bruk saman med barna. I tillegg har kvar av barnehagane fått ei digital tavle, og nett-tilgangen i barnehagane har blitt utbetra. Personalet er i gang med opplæring både på pedagogisk bruk av ipad og tavle.

I Rammeplanen står det følgjande, som vi jobbar etter:

«Barnehagens digitale praksis skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal dette støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet være aktive sammen med barna. Samtidig skal digitale verktøy brukes med omhu og ikke dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utvikler en begynnende etisk forståelse knyttet til digitale medier.»

Døme frå utdanningsdirektoratet på bruk av digitale verktøy i barnehagen (Film): [På skattejakt med digitale verktøy](#)



Foto: Interaktiv

5.2 Status og utfordringar i skulen

5.2.1 Grunnskulen

Tal på elevar førre og inneverande skuleår:

	<i>Straumsnes oppvekstsenter (1.-4. trinn)</i>	<i>Brunkeberg oppvekstsenter (1.-4. trinn)</i>	<i>Kviteseid skule (1.-10. trinn)</i>	<i>Total</i>
<i>Haust 2018</i>	9	31	178	218
<i>Haust 2019</i>	9	32	189	230

Kjelde: GSI og VISMA

I tråd med handlingsprogram for 2019, har skulane i Kviteseid jobba med ein strategi for digitalisering, som skal føre til at vi når måla om digital kompetanse i fagfornyinga.

Digital kompetanse er ein av fem grunnleggjande ferdighetar i skulen, og skal derfor arbeidast med i alle fag. Vi har nå kome langt på veg med utsyr, program og trådløst nett. Vi er i gang med implementering og opplæring og dette vil halde fram i 2020, då vi flyttar inn i nye lokale med 5.-10. trinn på Kviteseid skule.

Utdanningsdirektoratet skildrar på ein god måte kva digitale kompetanse vil seie:

«Digitale ferdigheter vil si å innhente og behandle informasjon, være kreativ og skapende med digitale ressurser, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgivelser. Det innebærer å kunne bruke digitale ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbruk.

Digitale ferdigheter er en viktig forutsetning for videre læring og for aktiv deltakelse i et arbeidsliv og et samfunn i stadig endring. Den digitale utviklingen har endret mange av premissene for lesing, skriving, regning og muntlige uttrykksformer. Derfor er digitale ferdigheter en naturlig del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglige emner. Dette gir muligheter for nye og endrede læringsprosesser og arbeidsmetoder, men stiller også økte krav til dømmekraft.

Digitale ferdigheter utvikles gjennom å bruke digitale ressurser. Det innebærer å benytte digitale ressurser til å tilegne seg faglig kunnskap og til å uttrykke egen kompetanse. I dette ligger det også en økende grad av selvstendighet og dømmekraft i valg og bruk av digitale ressurser.»

Kjelde: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/digitale-ferdigheter-rammeverk/>

I samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark har Kviteseid kommune fått ny leverandør av læringsplattform, Skooler, og skuleadministrativt system, Visma flyt skule. Dette gjev oss mange fleire moglegheiter m.a. for kommunikasjon med heimen, enn systema vi hadde før gjorde. Vi er i gang med å implementere Skooler og Visma flyt skule, og vil halde fram med å ta i bruk fleire funksjonalitetar i 2020.

Frå hausten 2020 blir nye, reviderte læreplanar av Kunnskapsløftet tatt i bruk i skulen. Dette tyder at innhaldet i faga blir nytt. Krittisk tenking og refleksjon blir ein viktig del av det elevane skal lære i skulen. Det er fleire grunnar til at faga blir fornya. Den eine grunnen er at samfunnet endrar seg med ny teknologi, ny kinnskap og nye utfordringar. Den andre er at elevane skal få meir tid til djupnelæring. Ein tredje grunn er at det skal bli betre samanheng mellom faga og mellom dei ulike delane av læreplanverket.

Kjelde: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/fagforynelsen/nye-lareplaner-i-skolen/>

Skulane i Kviteseid vil i åra framover jobbe med å implementere endringane i læreplanen, og sette dette i samanheng med arbeid vi allereie er i gang med og måtar vi jobbar med i dag.



Illustrasjon av fagfornyninga.

5.2.2 Felles satsingsområde for skule og barnehage

Alle skulane og barnehagane i Vest-Telemark deltek i pulje 3 av den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Satsinga er samlingsbasert og avsluttast våren 2021. Satsinga gjev økonomiske midlar til ei 20 % stilling for ressursperson i barnehage, og ei 20 % stilling for ressursperson på skule. På barnehagesida er ressurspersonfunksjonen lagt til fagleiar ved Straumsnes barnehage. På skulesida er ressurspersonfunksjonen lagt til sosiallærar ved Kviteseid skule. Sjølv om ressurspersonfunksjonen er tillagt ulike einingar, skal deltaking i satsinga kome alle skulane og barnehagane til gode. I samband med satsinga, er det organisert felles nettverk for alle ressurspersonane i Vest-Telemark. Dette er leia av Læringsmiljøsentret.

Hovudmålsettinga vår er:

- Barnehagen skal ha høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring
 - Elevar skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø
 - Auke skulane og barnehagane i Vest-Telemark sin kompetanse til å fremje gode og trygge skule- og barnehagemiljø
- Dersom du vil lese heile planen vår, finn du denne på heimesidene til Kviteseid kommune.

Her kan du lese meir om satsinga, om du ynskjer det: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/>



5.2.3 Kulturskulen

Kulturskulen har inneverande skuleår 90 elevar og tilbodet er innan områda musikk og dans. Dirigentar for Kviteseid Hornmusikk er tilsette i kulturskulen.

Det er 7 tilsette som samla har ein stillingsressurs på 2,7 årsverk, inkludert kulturskulerektor. For å dekke ei breidde i tilbodet er stillingane små, og alle lærarane har fleire arbeidstilhøve.

Inneverande skuleår er det ein tilsett i kulturskulen som har fullført vidareutdanninga «Musikk 1. – 10.». Kulturskulen nasjonalt er i omstilling, og det blir større krav til pedagogisk kompetanse og kompetanse i gruppeundervisning. Vidareutdanning for tilsette i kulturskulen er underlagt same vilkår som for lærarane i skulen.

5.2.4 Vaksenopplæring

Vaksenopplæring omfattar å gje undervisning i norsk og samfunnsfag til dei som i fylgje introduksjonslova har rett og/eller plikt på det. Kviteseid kjøper denne tenesta av Seljord kommune. Vi har for tida sju elevar ved vaksenopplæringa i Seljord.

5.3 Felles handlingsplan 2021 – 2022:

Område	Tiltak
<i>Inkluderande barnehage og skulemiljø</i>	Barnehage og skule: <i>-Delta i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark.</i> <i>-Delta i interkommunalt nettverk for ressurspersonane i satsinga.</i>
<i>Bruk av digitale verktøy</i>	Barnehage: <i>-Implementere «Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren» i Kviteseid kommune</i> <i>-Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga</i> <i>-Ta i bruk moglegheitene som ligg i administrasjonssystemet Visma flyt barnehage</i> Skule: <i>-Implementere «Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren» i Kviteseid kommune</i> <i>-Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga</i> <i>-Ta i bruk moglegheitene som ligg i administrasjonssystemet Visma flyt skule og læringsplattforma Skooler</i> Kulturskulen: <i>-Innføre bruk av administrasjonssystem for kulturskulen</i>
<i>Kompetanseheving</i>	Barnehage: <i>-Barnehageeigar tilbyr tilsette i barnehagane kompetanseheving i tråd med revidert nasjonal strategi for kompetanse i barnehagane. Det skal særleg oppmodast til utdanning innanfor rettleiing.</i> <i>-Deltek i samarbeidet i Vest-Telemark om ein felles planleggingsdag og to styrarsamlingar i regionen i året</i> <i>-Kompetanseheving i pedagogisk bruk av IKT</i>

	<p>Skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Skuleeigar tilbyr kompetanseheving for lærarane i tråd med kravet i nasjonale føringar og skulane sine behov -Delta i relevante nettverk for ulike faggrupper. T.d. innanfor feltet spesialpedagogikk og rådgjeving. -Skulebasert kompetanseheving knytt til fagfornyninga og digitale kompetanse <p>Kulturskulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Kulturskuletilsette deltek på kulturskuledagane i regi av Norsk kulturskuleråd -Tilsette får tilbod om vidareutdanning
Organisasjonsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> -Det skal leggast til rette for at tilsette i leiarstillingar på oppvekstsektoren kan ta leiarutdanning -Arbeide for at oppvekstmøta (alle leiarane på sektoren) bidreg til fagleg utvikling -Delta på relevante kurs i leiing <p>Kulturskulen:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Lage ny lokal læreplan med fagplanar der noverande vedtekter blir justert og implementert -Utvikle meir samarbeid med grunnskulen og SFO
Brukarmedverknad	<p>Barnehage:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane annakvart år. Neste gong i 2022 <p>Skule:</p> <ul style="list-style-type: none"> -Legge til rette for eit aktivt elevråd med reel medverknad i skulekvardagen -Innføre skulemiljøundersøkinga «Spekter»

5.4 Budsjett-tiltak

- 30 % reduksjon på stillinga som spesialpedagog i barnehagane (Frå 110 % til 80 % stilling). Tiltaket er innarbeida i budsjettet.
- Kommunalsjef skule og barnehage si stilling finansierast 200.000,- kr. med prosjektmidlar «Betre tverrfagleg innsats» (BTI) i 2021 og 2022. Finansiering i 2022 er avhengig av nytt tilsagn om prosjektmidlar.
- Ynskje om å kunne tilby SFO i skulen sin haust- og vinterferie. Skulen har ikkje ressursar til å tilby dette innanfor dagens rammer. Tiltaket er ikkje lagt inn i rådmannen sitt framlegg til budsjett.
- Reduksjon på 450.000,- kr. på skule i 2021 og 800.000,- kr. frå 2022. Reduksjon på skulesektoren vil få følgjande konsekvensar.

Slik det ser ut inneverande skuleår, 2020-2021:

Det er i dag ingen styrking (timar utover minimum) i nokre klassar. Vi har ikkje lærarressursar til å setje inn på tidleg innsats. Dette får vi noko midlar til i rammeoverføringa. Vi har per dags dato ikkje leselærar, som m.a. gjev lesekurs til svake lesarar. Nokre elevar får tilbod om lesekurs gjennom lesekurs saman med elevar som har einskildvedtak om spesialundervisning.

Neste skuleår, 2021-2022:

Det vil vere behov for noko meir timar til spesialundervisning på neste års mellomtrinn.

Vi har pr. dags dato ikkje ledige lærarressursar å setje inn ved nye vedtak ved spesialundervisning. Situasjonen ser nå lik ut neste skuleår.

Dersom ein reduserer lærarstilling/assistentstilling må ein velje mellom:

- Ikkje innfri den lovpålagt lærarnorma
 - Ikkje klare å gje elevar med vedtak om spesialundervisning den undervisinga dei har rett på
 - Ikkje klare å gje elevar eit trygt og godt skulemiljø, som dei har rett på
 - Ikkje gje tilbod om lovpålagt særskilt språkopplæring til elevar som ikkje beherskar godt nok norsk
-
- Miljøarbeider for ungdom i 40% stilling.
Tiltaket er eit ynskje frå ungdomsrådet. Ungdomsrådet ynskjer ein samlingsstad/klubb som eit lågterskel tilbod til ungdom. Stillinga som miljøarbeider skal i samarbeid med ungdommen opprette og drifte eit slikt tilbod. I motsetnad til fleire av nabokommunane, har ikkje Kviteseid kommune eit slikt tilbod. Tiltaket er ikkje lagt inn i rådmannen sitt framlegg til budsjett.

5.5 Biblioteket

Det har kome utstyr for sjølvbetjening på biblioteket, og det er eit mål at dette kjem meir i bruk. På sikt ynskjer ein at det då bli høve til å låne bøker, også utanom opningstid. Det er også eit mål for biblioteket å auke bruken av dei digitale ressursane og arbeide for at biblioteket i aukande grad blir ein møtestad.

Med meirope bibliotek, som kjem mot slutten av 2019, vil biblioteket satse på auka bruk av biblioteket som møterom og til kveldsaktivitetar.

Ein ynskjer å sjå på måtar å gjere biblioteket tilgjengeleg for heile kommunen, t.d. gjennom «bibliotek i butikk» eller «mikrobibliotek».

6 Helse og omsorg

Status og utfordringar

Helse og omsorg i Kviteseid gjev tenester på mange ulike nivå og til mange ulike brukargrupper. Pasientane kjem tidlegare heim frå sjukehuset, og me må utføre fleire kompliserte pleieoppgåver. I tillegg viser utviklinga i brukarsamansetjinga at fleire treng eit større tenesteomfang. For å møte desse utfordringane er det viktig å ha rett kompetanse på rett plass til rett tid, og ha ein kontinuitet i tenesta.

SARS-CoV-2(Covid-19) vart fyrste gong påvist i Noreg 26. februar i år.

Den 12. mars erklærte WHO utbrotet som ein pandemi. Same dag kom den norske regjeringa med dei sterkaste og mest inngripande tiltaka me har hatt i Noreg i fredstid med m.a. stenging av barnehagar, skular og utdanningsinstitusjonar. Det har vore jobba særst godt i helsevesenet sentralt og lokalt for å freiste å få kontroll over spreidinga, i tillegg har innbyggjarane våre nasjonalt og lokalt gjort ein stor jobb for å fylgje opp smittevernråda. Status for Kviteseid kommune er at me ikkje har hatt smitte så langt.

Sjølv om me ikkje har hatt smitte i Kviteseid kommune, så har dette påverka drifta i helse og omsorg i stor grad. Me har hatt store utfordringar med ekstra fråver ved Covid-19 symptom og det har vore naudsynt å jobbe mykje med helseberedskap. Me reknar med at dette i stor grad og vil påverke drifta vår i 2021.

Me har saman med Seljord kommune etablert eit mottak/isolat med 7 plassar for Covid-19 smitta innbyggjarar i Kviteseid og Seljord som treng pleie og omsorg.

Me har i tillegg i slutten av oktober 2020 gjenge inn i ei intensjonsavtale med Seljord, Tokke, Vinje og Tinn kommunar om samarbeid om døgnbemanna tenester ved utbrot av pandemi.

Smittesituasjonen framover vil avgjera kor mykje me må jobbe med Covid-19, og kva for tiltak som vert sett i verk.

Me vil i løpet av 2021 m.a. jobbe vidare med eit prosjekt i velferdsteknologi saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. Planen er at me saman med dei andre kommunane skal innføre fleire velferdsteknologiske løysingar. Det vil og saman med fleire av kommunane i Vest-Telemark i 2021 bli jobba vidare i prosjekt med å få mobil omsorg på plass og med DigiHelse. I dette arbeidet får me veldig god hjelp og støtte frå prosjektleiar i velferdsteknologi, Anne Guro Hommo og digitaliseringskoordinator, begge er tilsett i Vest-Telemarkrådet.

Me kjem til m.a. å vurdere å starte opp med Multidose i samband med medikamenthandtering, dette for å få endå færre avvik i dette arbeidet.

Mobil omsorg

skal medverke til å sikre god kvalitet på journalføringa, tilgang til oppdaterte journaldata og gjera arbeidet meir effektivt i heimetenesta, eining for funksjonshemma og psykisk helse. Me vil og vurdere bruk av Mobil omsorg opp mot andre tenesteområde.

Mobil omsorg inneber tilgang til journalsystemet på ei berbar plattform. Med Mobil omsorg kan medarbeidarane t.d. bruke eit kommunalt nettbrett til å hente pasient-/brukaropplysningar og dokumentere informasjon i kommunen sitt journalsystem. Dette kan verte gjort samstundes som tilsett er i kontakt med pasienten/brukar. Systemet som me brukar i dag, er eit tungvint, der dokumentasjonen vert gjort på stasjonære PCar etter at besøket hjå pasienten/brukar er avslutta. Måten me jobbar med dokumentasjon på, tek ikkje i vare ikkje pasient-/brukartryggleiken i god nok grad.

Prosjektet skal jobbe for at den mobile plattformen fungerer best mogeleg, slik at tilsette opplever Mobil omsorg som eit effektivt og funksjonelt verkty.

Målet med prosjektet er å ha tilgang til rett opplysningar om den einskilde pasient/brukar i den situasjonen tilsette er i, kunne dokumentere og kvalitetssikre opplysningar saman med pasient/brukar, og spare tid ved å redusere tida som vert bruka på administrasjon.

DigiHelse tyder at innbyggjarane skal kunne kommunisere med den kommunale helse- og omsorgstenesta. Meldingane kjem direkte inn i den elektroniske pasientjournalen (EPJ). Hovedmålet er å styrke samarbeidet mellom tenestemottakarar, pårørande og tilsette i heimetenesta i samband med dagleg utføring av tenester i heimen.

6.1 Handlingsplan for einingane

6.1.1 Hovudmål og tiltak for administrasjon H/O:

- God samhandling for å sikre rett tiltak/teneste til rett tid
- Forsvarleg dokumentasjon og rapportering

Tiltak	Resultatindikator
Oppfylging av planstrategi: Helse- og omsorgsplan	Plan ferdig september 2021

- Sikre likebehandling, rettstryggleik og profesjonell sakshandsaming for den einskilde søkjar av helse- og omsorgstenester
- Ha fokus på brukarmedverknad
- Medverke til betre ressursutnytting i sektoren
- Sikre eit godt tverrfagleg samarbeid for personar med trong for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester

Tiltak	Resultatindikator
<i>Halde fram med arbeidet med å byggje opp eit kvalitetssystem</i>	<i>God kvalitetssikring av sakshandsaminga</i>
<i>Arbeide for auka kompetanse innan sakshandsaming i tenestekontoret og koordinerande eining</i>	<i>Forsvarleg sakshandsaming og vedtak for den einskilde søkjar. Forsvarleg tverrfagleg samarbeid kring personar med langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester</i>
<i>Undervise einingane i helse- og omsorg i IPLOS-rapportering og KPR</i>	<i>Betre rapportering til sentrale styringsmakter</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kriterier for tildeling av tenester</i>	<i>Likebehandling av søkjarane av tenester</i>
<i>Halde fram med arbeidet med kompetanseheving og rettleiing av koordinatorane</i>	<i>God koordinering av tenestene til den einskilde brukar</i>
<i>Starte arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"> • <i>Trygge og gode tenester</i> • <i>Kultur for deling av avvik</i> • <i>Bruke avvik i forbetningsarbeid</i>

Habiliterings- rehabiliteringsplan

Me har jobba med Habiliterings- rehabiliteringsplan, og vil setje denne i verk tidleg i 2021. Me har oppretta eit meistringsteam som vil vera operative frå same tid. I meistringsteamet er 2 sjukepleiarar(KOS og heimetenesta), ruskonsulent og fysioterapeut. Fysioterapeuten er leiar for teamet.

Plan for tildeling av omsorgs- og kommunale bustader

Me jobbar med Plan for tildeling av omsorgs- og kommunale bustader, som vert gjort ferdig i løpet av ettervinteren 2021.

6.1.2 Hovudmål og tiltak for helsetenestene:

Helsetenestene som blir gjevne skal vera av god kvalitet. God kvalitet inneber at tenestene:

- Er verknadsfulle
- Er trygge og sikre
- Involverer brukarane og gjev dei medverknad
- Er samordna og prega av kontinuitet
- Utnyttar ressursane på ein god måte
- Er tilgjengelege og rettferdig fordelt

Tiltak	Resultatindikator
<i>Utarbeide ei rutinehandbok for helsesenteret. I denne definerast mellom anna rutinar og skildringar av det tverrfaglege samarbeidet internt og eksternt, stillingsomtalar, oversikt verv, aktuelle lovverk, internkontroll m.m.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Gode og samordna tenester• Auka kvalitet i tenestene• Tydlegare roller i samarbeidet• Tryggare tilsette
<i>Starte arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene.</i>	<ul style="list-style-type: none">• Trygge og gode tenester• Kultur for deling av avvik• Bruke avvik i forbetningsarbeid
<i>Iverksette veiledning i gruppe kvar veke på psykisk helse</i>	<ul style="list-style-type: none">• Tryggare tilsette• Auka grad av team oppleving mellom tilsette i psykisk helse• Auka kvalitet i tenestane• Felles forståing av verdiar og visjonar i arbeidet.
<i>Etablere eit tettare samarbeid med tenestekontoret.</i>	<ul style="list-style-type: none">• God ressursutnytting og rettferdig fordeling av tenestane
<i>Starte med e-meldingar og e-reseptar på helsestasjon</i>	<ul style="list-style-type: none">• Betre tverrfagleg samarbeid• Auka ressursutnytting

6.1.3 Hovudmål og tiltak KOS

- Bebuarane skal få tenester som tek omsyn til den einskilde sin rett til sjølvbestemming, eigenverd og livsførsel, og sikre at medisinske behov vert ivaretekne
- Bebuarane skal få eit mest mogeleg normalt liv, med normal døgnrytme og høve til å koma ut, og naudsynt hjelp til hygiene
- Bebuarane skal få eit variert og tilstrekkeleg kosthald og tilpassa hjelp ved måltidet

Tiltak	Resultatindikator
<i>Korttids/rehabiliteringsavdeling – opptrening etter t.d. lårhalsbrot</i>	<i>Pasienten kan koma heim tidligare med rett opptrening</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette, jfr samhandlingsreforma som krev stadig meir kompetanse i kommunane</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>
<i>Vidare arbeid med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Trygge og gode tenester • Kultur for deling av avvik • Bruke avvik i forbetningsarbeid
<i>Sikre høg kvalitet på smittevernrutiner slik at dei tilsette kjenner seg trygg på dette gjennom opplæring Sikre tilgang til smittevernutstyr</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Forhindre smitte av Covid 19 til dei som bur på institusjon • Sikre god behandling av evt smitta bebuarar

6.1.4 Hovudmål og tiltak heimetenestene:

- Brukerane skal få eit individuelt tilpassa tenestetilbod
- Brukerane skal få ei føreseieleg teneste av god kvalitet og høg etisk standard

Tiltak	Resultatindikator
<i>Fortsetje med systematisk kompetanseheving av alle tilsette Meir praktisk øving</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar Tryggare tilsette</i>
<i>Implementere «Livets siste dager» - plan for lindring i livets slutfase</i>	<i>Betre kvalitet på omsorg til døyande brukarar Betre ivaretaking av pårørande</i>
<i>Oppstart/implementere mobil omsorg (fagsystemet Profil)</i>	<i>Tilgang på oppdatert pasientjournal ute hjå brukar Betre kvalitet på dokumentasjonen (kan dokumentere fortløpande)</i>
<i>Starte med å implementere velferdsteknologi (Vest-Telemark prosjektet)</i>	<i>Auka grad av sjølvstende og eigenmestring hjå brukarane Kan utsetje trongen for tenester Meir effektiv og rett bruk av kompetanse</i>
<i>Samarbeide / deltaka i NOKLUS-prosjekt</i>	<i>Kvalitetssikring av laboratoriearbeid i heimetenesta</i>
<i>Innføre bruk av multidose (hausthalvåret)</i>	<i>Auka kvalitetssikring ved dosering og utlevering av medikament Betre ressursutnytting av sjukepleiarkompetansen</i>
<i>Fortsetje arbeidet med rutiner -smittevern Opplæring av alle tilsette Sikre tilgang på smittevernutstyr Samarbeide med Seljord om isolat</i>	<i>Forebyggje smitte av Covid 19 Optimal behandling av evt. smitta brukarar</i>

<i>Fortsetje justering av tilbodet ved dagsenter for heimebuande demente etter ny og lågare budsjettramme</i>	<i>Brukarane får ut frå ny og lågare budsjettramme eit tilpassa dagaktivitetstilbod. Avlasting for pårørande blir nedprioritert</i>
<i>Justere tilbodet om praktisk hjelp/ heimehjelp etter ny og lågare budsjettramme</i>	<i>Det har vorte eit dårlegare tilbod med ein redusert standard til brukarane</i>

6.1.5 Hovudmål og tiltak eining for funksjonshemma:

- Gjeva brukarane eit heilskapeleg og individuelt tilrettelagd tenestetilbod
- Yte tenester med høg etisk og fagleg kompetanse

Tiltak	Resultatindikator
<i>Gjeva bustad med oppfylging til utviklingshemma som har trong for det</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa butilbod. Avlastningsbustad til dei som treng det</i>
<i>Planlegging av nye bustader</i>	<i>Bygging av nye bustader i 2021</i>
<i>Tilrettelagt tilbod på dagtid med arbeid/dagsenter</i>	<i>Brukarane får eit tilpassa tilbod på dagtid</i>
<i>Arbeide for meir systematisk kompetanseheving av alle tilsette. M.a. bruke: Mitt livs ABC – perm 2</i>	<i>Høgare fagleg kvalitet på tenesta ut til brukar</i>
<i>Starte arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Trygge og gode tenester • Kultur for deling av avvik • Bruke avvik i forbetningsarbeid

6.1.6 Hovudmål og tiltak kjøken:

- Tilby variert mat av høg kvalitet tilpassa brukarane.
- Vera tilgjengeleg for brukarane, tilby ynsjekost/spesialkost.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Gjennomgang av tidsbruk på ulike arbeidsoppgåver på eininga</i>	<i>Meir effektiv drift. God utnytting av personalet</i>
<i>Jobbe vidare utvikling av 4 måltid pr. dag</i>	<i>Gjeva brukarane næringsrik, variert heimelaga mat. God matoppleving</i>
<i>Energisparing enøk, medviten bruk av elektrisk utstyr</i>	<i>Nedgang i energi/ straumforbruk</i>
<i>Eininga tilbyr praksisplass til skuleelevar og andre som treng det</i>	<i>Eininga tek i mot personar som treng praksisplass</i>
<i>Inføre ``eldre hjelper eldre`` frå 1/1-21 Tri dagar i veka.</i>	<i>Gjeva heime buande pensjonistar tilbod om eitt godt og variert middags kosthold. Mat er medisin og trivsell.</i>
<i>Halde fram med arbeidet med Compilo og etablere rutinar for arbeid med avvikshandtering for å medverke til auka kvalitet i tenestene.</i>	<ul style="list-style-type: none"> • Trygge og gode tenester • Kultur for deling av avvik • Bruke avvik i forbetningsarbeid

6.2 Budsjett-tiltak

Ikkje valde budsjetttiltak:

3203 – Styrke kontorleiarfunksjon legekantoret/avlastning einingsleiar

3401 – Auke bemanning frå 8-9 kveld og helg, til saman 480% stilling

I samband med samhandlingsreforma og ØH-døgnplass får me stadig fleire og meir kompliserte arbeidsoppgåver på KOS. Dette krev god kompetanse heile døgnet. Det er stor trong for auka sjukepleiebemanning og helsefagarbeidarbemanning på kveldane i veka og kveldane i helgene. For å dekke dette treng med 480% stilling.

3401 – Styrke grunnbemanning, til saman 240% stilling ut økonomiplanperioden

KOS har ein sær låg pleiefaktor på 0,76 mot dei fleste kommunar som ligg på 1 og høgare. Pleiefaktoren får ein ved å dele årsverk i pleia med talet på plassar/pasientar. Me jobbar for at KOS skal nå ein pleiefaktor på 1, og minske avstanden til andre kommunar.

3402 – Reversere kutt i heimehjelpsordninga

Heimehjelp er ei lovpålagt teneste, og vert ytt etter enkeltvedtak frå Tenestekantoret.

I løpet av 2020 er stillingsramma redusert med 80%,og talet på timar er redusert for ca 95% av brukarane. Etter ein grundig gjennomgang av tenesta, ser me at det ikkje er forsvarleg og gjennomførbart i praksis å kutte endå meir stillingsressurs.

Difor ynskjer me å reversere kuttet på 166% stilling med 86%.

Alle prognoser viser at talet på brukarar aukar i heimetenesta. Ei fortsatt nedbyggjing av tenesta vil ikkje vera «bærekraftig», dvs at me ikkje klarar å tilby lovpålagte tenester.

3409 – Gjeninnføring «eldre hjelper eldre»

Dette var eit tilbod som brukarane (og pårørande) sette stor pris på, og som vart sakna når dei mista det.

Det er fleire heimebuande eldre, som ikkje sjølv er i stand til å laga seg næringsrik middag, og det førte til at heimetenesta då måtte bruke meir tid på å handle mat/middag for brukarane.

Kjøkenet ynskjer å tilby middag tre dagar i veka frå og med januar 2021.

Gjeva heimebuande eldre tilbod om eit godt og variert middagskosthald. Mat er helse og trivnad.

3503 – Auka bemanning på helg

Fleire bebuarar er mindre heim til pårørande på besøk eller overnatting. Det vil vera eit behov for meir ressurs på helg, dess meir bebuarane oppheld seg i eigen bustad. Mange pårørande blir eldre og har ikkje kapasitet til å få borna sine på besøk igjennom ei heil helg. Her er det snakk om ein auka ressurs på til saman 48,18% fordelt på 3 stillingar.

3503 – Auka fagressurs til vernepleierane

For å dekke kravet om dokumentasjon og gje bebuarane forsvarlige og oppdaterte tenester til ein kvar tid vil det være behov for å ta vernepleierane ut av direkte brukarretta arbeid. Kvar vernepleiar treng 10% av si stilling til å jobbe administrativt med planar og dokumentasjon, og å gje tenestene høgare fagleg kvalitet. Her er det snakk om ein ressurs på 50%.

Valde budsjettiltak:

3401 – Fagutvikling- og systemutvikling, 40% i 2021 og auke opp til 60% i 2022 administrasjonstid for fagutviklingssjukepleiar

I samband med samhandlingsreforma og ØH-døgnplass får me stadig fleire og meir kompliserte arbeidsoppgåver på KOS. Me ser at kravet til systemarbeid, struktur og kompetanse berre aukar.

For å skape rom for dette arbeidet, og styrke sjukepleiedekning på dagtid, treng me ei styrking på 60% stilling. Dette for at fagutviklingssjukepleiaren skal få tid til dette arbeidet.

3503 – Dagstilling for assisterande einingsleiar

Assisterande einingsleiar har i dag 20% i 2021 og auke opp til 40% stilling til administrativt arbeid. Det er naudsynt at stillinga blir minimum 80% administrativ og at ein beheld 20% på helg/brukarretta arbeid. Det er stort arbeidspress på einingleiar og eit stor behov for å jobbe meir med fagutvikling. Stillinga bør også endre tittel til fagutviklingsvernepleiar, akkurat som ein har fagutviklingsstilling i dei andre einingane innan helse.

3503 – Auka bemanning i forbindelse med nye bustader (Direkte brukararbeid samt fagressurs til vernepleiarar)

Det blir no bygd 2 nye permanente boligar på Lundenjordet. Her flyttar det nokon inn allereie våren 2021. I samband med det treng me ein auka ressurs på 2,35 årsverk. Desse treng eit personal i morgonsituasjonen og kveldstid (etter skule/arbeid) og 2. kvar helg. Me tenkjer at me kan slå dette saman med behovet på Lundenjordet for auka fagressurs (som blir enda høgare med fleire bebuarar). Dersom ein vernepleiar kan gå inn i morgonstell og vidare til ei administrativ vakt, der ein jobbar skriftleg.

3503 – Auka bemanning 24% på Lundenjordet

Då ein av bebuarane er i ein overgangsfase i livet vil det bli auka behov for miljøterapeut på Lundenjordet frå august 2021. Denne ressursen vil kunne ta morgonstell ved EFF og gå over til dagsenteret saman med bebuar som har stort behov for fylgje.

3505 – Avlastning

Det kjem til å bli auka behov for privat avlastning. Den nye avlastningsbustaden på Lundenjordet kjem ikkje til å bli tatt i bruk den første delen av 2021. Det vil derimot bli eit auka behov for privat avlastning i alle fall i første del av 2021.

40%

7 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga skal tene alle grupper i samfunnet, og oppgåvene vi utfører er viktige for lokalsamfunnet. Det femnar arbeid med å oppretthalde trygge og framkomelege vegar, sikre god vassforsyning, ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem, sikre gode og funksjonelle bygningar og skape trivelege og attraktive uteområde. Vidare har eininga ansvar for landbruksforvaltinga, næringsutvikling og kulturarbeidet i kommunen.

Det å legge forholda til rette for personar som ynskjer å flytte til Kviteseid, vite kva som er avgjerande for tilflytting, ha lokalkunnskap om arbeid og bustad for dei som ynskjer å flytte hit og stimulere til bustadbygging, er sentrale oppgåver for administrasjonen i Kviteseid kommune. Det er sjølvstekt ein føresetnad å ha eit robust næringsliv, varierte kulturtilbod, valfridom innan bustadmarknaden og god profilering av kommunen for å gjera kommunen attraktiv og for å rekruttere fleire innbyggjarar. Det arbeidet som blir gjort på dette området er difor eit viktig bidrag til å oppretthalde ein livskraftig kommune.

Innan teknisk drift så har kommunen mykje å hente på digitalisering og elektronisk overvaking. Ved å samle all informasjon frå vassmålarar, straummålarar, pumpestasjonar osv. og overvake dette via pc eller mobil vil ein spare arbeidstimar. Dette arbeidet er i gong, men det er fortsatt for mange manuelle sjekkpunkt. Ved å digitalisere denne arbeidsoppgåva kan ein frigje arbeidskraft til meir naudsynt vedlikehald. I tillegg vil ein oppdage feil, til dømes vasslekkasjar tidlegare, som vil gje betre innbyggjarservice og lågare kostnader når ein kan tidleg inn å reparere. Det blir stadig strengare krav til dokumentasjon på kvalitet og rapportering på drikkevattn/avløp, dette kan då automatiserast. Til slutt vil det òg gje ein liten klimaeffekt sidan ein ikkje treng å bruke bil for å ha tilsyn.

Idrettshallen er tilrettelagt for jordvarme. Dette prosjektet vart lagt på is pga. utfordringar med grunnvassbrønn. Dette tiltaket bør vurderast på nytt med tanke på potensiale for reduksjon av utgiftene til oppvarming.

Innbyggjarane i Kviteseid blir meir vant med finne hjelp via nettet. Gjennom nettløysinga «min kommune» kan innbyggjarane sjølve finne alt om sin eigedom og fylgje med på når kommunale tenester (eks. feiing, slam, kommunale avgifter) skal utførast eller har blitt gjort.

Innan landbruk og spesielt skogbruk vil oftare oppdatering av flyfoto hjelpe til med rapportering og overvaking. I dag skjer oppdateringa ca. kvart sjuande. år, det bør kome ned på kvart andre eller tredje.

Innan interkommunalt samarbeid bør det utarbeidast felles digital kartdatabase for Vest-Telemark kor ein kan presentere bustad- og næringstomter m/ areal, pris, kontaktinfo etc. Ein felles masterplan for reiseliv for Vest-Telemark med spissa felles satsingsområde vil vera ein styrke i marknadsføringsarbeidet.

7.1 Samfunnsutvikling

Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Arbeidet med å gjera Kviteseid til ein meir attraktiv stad med aktiv næringsutvikling og stabilt folketal, er og blir ei stor utfordring for kommunen som heilskap og for eining for samfunnsutvikling og teknisk drift spesielt. Ein stor og viktig del av arbeidet er å leggje til rette for næringsetablering og utvikling av eksisterande verksemder i kommunen. Nye bustadfelt i Vrådalen og Kviteseid og det nye næringsarealet i Brunkeberg skal prioriterast i 2021. Eksisterande bustadfelt i Brunkeberg og Morgedal skal marknadsførast.

Handlingsplan 2021:

Mål: *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

Tiltak	Resultatindikator
<i>Følgje opp vedteken strategisk næringsplan for Kviteseid. Følgje opp samfunnsplan/arealplan</i>	<i>Vurdere, prioritere og gjennomføre tiltaka i planane</i>
<i>Ny barnehage</i>	<i>Planlegging</i>
<i>Bustadområdet Midtsundåsen</i>	<i>Klagjere tomter for bygging med VA og veg</i>
<i>Bustadområdet Stålandsåsen</i>	<i>Lage reguleringsplan og jobbe vidare med feltet</i>
<i>Næringsareal i Brunkeberg</i>	<i>Legge til rette for VA og utvikling</i>
<i>Marknadsføre ledige tomter i kommunen</i>	<i>Sosiale media og heimeside</i>

Tiltak i det bunde næringsfondet og i det frie næringsfondet:

Som det går fram av oversikten over næringsfondet (sjå eigen tabell i taldelen), har det etter kvart vore nokon tiltak som ligg inne med faste løyvingar; slik det har vore tidlegare. I tillegg til ein del søknadar gjennom året blir dette ei omfattande tilskotspakke fordelt på ny- etablerarar og stimulering av eksisterande verksemder.

Vi har to næringsfond; fritt næringsfond, bunde næringsfond.

7.2 Kultur og frivilligsentral

Kulturområdet vårt femnar om arbeid med utvikling og støtte til frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Forvaltingsoppgåver knytt til spelemidlar og kulturmidlar er viktige element i dette arbeidet. Det er ei utfordring å ha nok ressursar administrativt til å gjere eit etterspurt arbeid innan kulturfeltet. På kulturområdet har strategien vore å gje moderate økonomiske tilskot som støtte til lag og organisasjonar.

Frå 2021 er det tenkt å opprette ein frivilligsentral med eige organisasjonsnummer organisert utan for kommunen sin organisasjon.

Handlingsplan 2020:

Mål: Kviteseid kommune skal gjennom aktiv støtte til lag og organisasjonar medverke til eit godt og variert kulturtilbod i kommunen.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement innan kultur så langt ressursane strekk til.</i>	<i>Aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt. Mangfaldig kulturliv.</i>	<i>Handsame innkomne søknader</i>
<i>Saman med lag og organisasjonar gje dei eldre i kommunen gode kulturelle tilbod.</i>	<i>Søkje om tilskot via Den kulturelle spaserstokken</i>
<i>Prioritere tiltak for barn og unge</i>	<i>Aktivt bruke kulturmidlane til barn og unge</i>
<i>Kviteseid skule si nye scene, møteplass og kjøkken bør kunne brukast som samlingsstad og til arrangement</i>	<i>Legge til rette for bruk</i>
<i>Arrangementskalender »Kva skjer» på heimesida</i>	<i>Synleggjere arrangementa</i>

7.3 Teknisk drift

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og til egne driftseiningar.

Kommunale bygg og kommunale vegar har gjennom fleire år hatt knappe ressursar, slik at ein framleis slit med eit **store** og **aukande etterslep** når det gjeld **vedlikehald**. Konsekvensane er at det blir dyrare når ein må gjere noko. Vedlikehaldsbudsjettet krev strenge prioriteringar når det gjeld bruk av midlar, og det er difor vanskeleg å tilfredstille brukarane sine forventningar i alle samanhengar. Teknisk drift har utfordringar med at det til trass for budsjettkutt og færre tilsette, er like mange anlegg, bygg og vegar som krev vedlikehald. Det er ikkje gjort tilsvarende reduksjon i dei tenestene me skal yte til brukarar og innbyggjarar for å kompensere kutt i økonomi og tilsette.

Klimaendringane gje store utfordringar på vegar og anlegg. Det er difor ei viktig og prioritert oppgåve å gjere jamlege og førebyggjande tiltak, og kommunen må ha vegar som toler nedbørsintensiteten og nedbørsmengda framover. Kommunen deltek i eit prosjekt finansiera av NVE for å registrere stikkrenner, kummar og flaumutsette områder.

Vidare oppgradering av standarden på kommunale vegar er eit mål framover.

Klimaendingane fører òg med seg ekstra utfordringar for kloakksystemet ved at overvatn renn inn i kummar, sprekte rør og tilkopl dreneringar frå bl.a. takvatn.

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt.

VT Brannvesen prøver å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkarane i Vest-Telemark i tillegg til at røykdykkarane må til Grenland på øving om lag annakvart år.

I det interkommunale samarbeidet om brannvesenet i Vest-Telemark blir pengane fordelt til vertskommunen. Det vert lagt til grunn at vertskommunane syter for at midlane kjem alle kommunane i samarbeidet til gode.

Brannstasjonen treng ein oppgradering i forhold til ventilasjon, svarte og reine soner, garderobeforhold og vaskemaskin. Kommunestyret har vedteke ei økonomisk ramme og det blir bygging i 2021.

Ventilasjonen på Kviteseid omsorgssenter treng oppgradering med kjøling. Planlegging er i gang og prosjektet vil bli fullført våren 2021.

Digitalisering av vatn- og avløpsanlegg er gjennomført. Det gje ein enklare og betre oversikt. I 2021 vil ein i samarbeid med Pipelife (leverandør) ferdigstille trådløs overvåking av trykk og mengde i 16 utvalte kummar.

Arbeidet med saneringsplanen i Vrådal og Kviteseid held fram. Haustens erfaring med store nedbørsmengder gjer at teknisk vil omprioritere innafor ramme saneringsplan Kviteseid og Vrådal. Pumpestasjonen på Flatin vil bli oppgradera til å takle større nedbørsmengder.

Kviteseid RA skal rehabiliterast med nytt biotrinn. Ein vil starte opp vedlikehaldsarbeid med Morgedal RA utvendig spesielt for stoppe erosjon/utgraving frå Verstobekken.

Om Statens Vegvesen startar arbeid med GS-veg fram til Kviteseid krysset vil teknisk bytte ut VA på same strekning frå Haukom – Helsesenter og ny VA under Rv41. Blir ikkje det aktuelt vil teknisk bytte asbestleding Haukom-Granlien. Ein vil ta ein vurdering på å bytte ut kummar med dårleg armatur.

For heile kommunen er det viktig å finne lekkasjar på vatnsystema og inntrenging av overvatn til kloakksystemet. Overvåking av vatnforbruket er viktig for å finne lekkasjar og for å få ned driftskostnadar. Vi vil undersøkje å kjøpe inn eget utstyr til lekkasjesøk på vatn.

Handlingsplan 2021

Mål: *Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.*

Tiltak	Resultatindikator
<i>Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2021</i>	<i>Prosjekt ferdige</i>
<i>Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg</i>	<i>Utnytte vedlikehaldsbudsjettet</i>
<i>Utbetring av brannstasjon</i>	<i>Bygg ferdig</i>
<i>Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet</i>	<i>Fylgje opp og lukke avvika. Bruke Compilo</i>
<i>Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.</i>	<i>Heve kompetanse for brannmannskapa</i>
<i>Følgje opp føresegnene for vatn og avløp</i>	<i>Nye abonnentar</i>
<i>Trafikksikker kommune</i>	<i>Fylgje opp trafikkisikringsplan</i>
<i>Kommunale vegar</i>	<i>Prioritere Håtveitvegen</i>
<i>Ventilasjon KOS</i>	<i>Ferdig mai 2021</i>
<i>Registrering stikkrenner, bekkar og flaumutsette områder</i>	<i>Ferdig 2021</i>

7.4 Interkommunalt landbrukskontor

Status og utfordringar

Det grovfôrbaserte husdyrhaldet er viktig for kulturlandskapet, men har fleire utfordringar:

